

SAMAN forandrar VI VERDA

AvtaleGiro

Kontonr: 8220 02 85057

EG VIL BLI FAST GIVAR TIL NMS
via Avtalegiro

Eg ønskjer å gi kroner (per månad):

300,- 500,- 1000,- Anna beløp _____

Eg ønskjer at gåva skal godskrivast denne kyrkjelyden:

Belast mitt kontonummer:

Personnummer: (Fyll ut om du ønskjer skattefrådrag)

KID-nummer: (Vert fylt ut av NMS)

NAVN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR: _____ POSTSTAD: _____

E-POST: _____

MOBIL: _____

STAD/DATO: _____

UNDERSKRIFT: _____

SEND KUPONGEN TIL:
NMS, POSTBOKS 226 SENTRUM, 4001 STAVANGER

For ENKELTGÅVER kan du bruke konto 8220 02 85057.
Merk gåva med MADAGASKAR.



Hjarteleg
TAKK 
nms.no/gi

VÅR KYRKJELYD HAR MISJONSAVTALE PÅ
MADAGASKAR



NMS



Kva bidrar vi til på Madagaskar?

NMS samarbeider med Den gassiske-lutherske kyrkje (FLM) om å dele trua på Jesus, utrydde fattigdom og kjempe mot urett. FLM er ei av dei raskast veksande kyrkjene i verda.

UTDANNING

Vi støttar teologisk utdanning og bibelskular, noko som er viktig i ei kyrkje i sterkt vekst. Opplæring og kompetanseheving innan leiing, økonomi og antikorruptjonsarbeid har òg stor viktigkeit. Det vert delt ut stipend til underprivilegerte og fattige barn og unge på flere nivå. Underprivilegerte og fattige barn og unge blir tildelt stipend til på ulike nivå. Utdanning er nøkkelen til å meistre eige liv, og til å kunne bidra i fellesskapet.

BIBELOMSETJING TIL TEGNSPRÅK OG MINORITETSSPRÅK

For underprivilegerte folkegrupper utanfor høglandet er avstanden til det offisielle gassiske språket stor, både språkleg og kulturelt. Vi bidrar til omsetjing av Bibelen til fem minoritetsspråk på Vest-Madagaskar. Det gjev ei djupare forståing av Bibelen og kristen tru, og det gjev minoritetsspråka status og verdi. Det vert òg arbeidd med å omsetje Bibelen til gassisk tekinspråk.

For mange hørselshemma er det nasjonale teiknspråket morsmålet og hjartespråket.

SYNS- OG HØRSLESHEMMA

På Madagaskar får dei færreste syns- og hørselshemma moglegheit til å gå på skule. NMS støttar sju «døveskular» og fem «blindeskular» som kyrkja (FLM) driv. Erfaringar fra desse institusjonane vert òg delt med «vanlege» skular, og det vert arbeidd for større grad av inkludering i skulane. Dette skjer gjennom kurs og halldningsskapande arbeid i møte med lærarar, foreldre og lokalsamfunn.

MILJØ OG MATTRYGGLEIK

Madagaskar vert jamleg råka av syklonar og andre naturkatastrofar. Det får katastrofale følgjer for familiar som lever av jordbruk og er fattige frå før. Vi bidrar til klimasmart jordbruk på Sør-Madagaskar med fokus på næringsrike vekstar, betre dyrkingsmetodar, auka forproduksjon, treplanting, innovasjon, foredling og spare-/lånegrupper for kvinner. FLM driv to jordbrukskular som i fleire generasjonar har gitt unge menneske ei praktisk utdanning som gir auka mattryggelse og utvikling i lokalsamfunn over heile Madagaskar.

Oppfylging frå NMS

NETTSIDE: Kyrkjelyden har si eiga side på nms.no: nms.no/finndinmenighet

Her er historier og informasjon frå Madagaskar, oversikt over kor mykje kyrkjelyden har gitt dette året m.m.

NYHENDEBREV: Ny informasjon kjem på e-post tre gonger i året.

BESØK: Ynskjer kyrkjelyden besøk frå NMS? Ta kontakt!

Kontaktinformasjon

E-POST: menighet@nms.no - Telefon: 51 51 61 00 (NMS infosenter)

POSTADRESSE: NMS, Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger



FOTO: KRISTIAN MJØLSNESET, PIERROT MEN SILE LØYDAL

FAKTA OM MADAGASKAR

Innbyggartal: Ca. 30,3 mill.

Religion: 52 % kristne, 41 % tradisjonelle religionar, 7 % muslimar

Styresett: Republikk. Stadig politisk uro.

Næringsvegar: Omlag 80 % er sysselsett innan landbruk, skogbruk eller fiskeriindustri. Noko turisme.

Levekår: Landet er rikt på naturressursar, men innbyggjarane er blant verdas fattigaste. Ein av tre er analfabetar, 65 % av barna går på skule. Halvparten av barn under fem år er underernærte.

KJELDER: WWW.FN.NO m.fl.

